



NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon

Bjarne Otnes, 71 25 85 75

Uttale - melding og forslag til utgreiingsprogram - ny 420 kV Isfjorden-Fannefjorden - Rauma og Molde kommunar

Bakgrunn

Vi viser til brev 16.04.2025, der de ber om uttale til melding frå Statnett SF med forslag til utgreiingsprogram for ny 420 kV kraftleidning Isfjorden-Fannefjorden, ny koplingsstasjon i Isfjorden og ny transformatorstasjon ved Fannefjorden (Kleive/Hjelset) i kommunane Rauma og Molde.

Ny 420 kV skal erstatte dagens 132 kV leidning. Statnett melder to hovudalternativ for ny leidningstrasé, tre alternativ for ny koplingsstasjon i Isfjorden i Rauma og tre alternativ for ny transformatorstasjon som erstatning for Istad stasjon i Molde.

Statsforvaltaren har ut frå sine ansvarsområde følgande merknader:

Metodikk

Utgreiingsprogrammet skal ligge til grunn for ei konsekvensutgreiing som igjen skal gi grunnlag for søknad om konsesjon frå Statnett om konkrete alternativ. Generelt har programmet ei godt dekkande oppbygging i samsvar med kjend metodikk og innretning for denne typen konsesjonssaker. Vi har difor ikkje overordna innvendingar til utgreiingsprogrammet.

Av konkrete merknader vil vi vise til at alle linealternativa skal nytte det nyleg opprusta luftspennet over Langfjorden. Dette inneber at dei to hovudalternativa sør og nord for Langfjorden kan veksle uavhengig av kvarandre. Utgreiingsprogrammet har gjort ei førebels vurdering av moglege konsekvensar for eit samla hovudalternativ 1 sør og nord for Langfjorden og eit hovudalternativ 2 sør og nord for fjorden. For å ha eit best mogleg grunnlag for å velje deltraséar trur vi det vil vere best om verknadene blir synleggjort kvar for seg sør og nord for fjordkryssinga. I så fall kan det også vere tenleg å endre på alternativnemningane.

Naturmangfald

Statnett bør vere kjent med at areal som kan tenkast å vere relevant for arbeidet med konsekvensutgreiinga og konsesjonssøknaden blir NiN-kartlagt i 2025 i regi av Miljødirektoratet på grunnlag av innmeldingar frå Rauma kommune/Statsforvaltaren. Resultata frå kartleggingane blir tilgjengeleg over årsskiftet. Oversikt over områda er tilgjengeleg i Miljødirektoratet si innsynsløysing:

[NiN Offentlig Visning](#).

Statsforvaltaren vil vere varsam med å uttale seg om val av alternativ før konsekvensutgreiinga ligg føre, men ser at alternativ 1 truleg vil røre ved Sotnakkvatnet naturreservat og Oltervågen naturreservat. Kor sterkt berørt det eine eller andre reservatet vil bli vil m.a. avhenge av kva for ei side av eksisterande linje den nye linja blir lagt. Blir linja lagt aust for dagens kan ho komme innom Sotnakkvatnet naturreservat. Ved ein vestleg trasé kan Oltervågen bli berørt.

Vi vil primært be om at ein kan finne løysingar som tillét ny linje å krysse over eksisterande leidningar. Om dette ikkje lar seg gjere må ein gjere grundige vurderingar av kor skadepotensialet er størst. I så måte vil vi vise til at Oltervågen i tillegg til botaniske verdiar har særleg verdi som overvintrings- og rasteplass for våtmarksfugl.

Vi vil elles peike på at alternativ 1 kryssar Osen, med Osen naturreservat inst, og deretter Osvassdraget vidare austover. Reservatet og vassdraget vidare oppover er viktig for overvintrande og rastande våtmarksfugl. Konsekvensutgreiinga må ta opp i seg vurderingar også knytt til desse elementa.

Friluftsliv

Konsekvensutgreiingar skal prinsipielt ikkje vektlegge same forhold under fleire tema. Verknader for landskap og friluftsliv kan ofte overlappe. Eit døme er når det i utgreiingsprogrammet står at turrutene opp til Skarven blir berørt av alle alternativ unntatt 2.0. For turrutene opp til Skarven er nok dette riktig, men utgreiinga må også vektlegge kva alternativa har å seie for opplevinga på sjølve turmålet. Utsikta vestover frå toppunktet på Skarven vil i stor grad bli prega også av alternativ 2.0.

Dømet viser at konsekvensutgreiinga må vere bevisst forholdet mellom landskapsverknader på eit meir overordna nivå og dei konkrete opplevingsverdiane for friluftsliv som gjer seg gjeldande for ulike ruter og turmål.

Vassdrag

Tiltaka rører i lita grad ved vassdrag direkte, men vi merkar oss at omtale av forureining og vassdrag i kapittel 9.11 er avgrensa til drikkevasskjelder. Forureining frå anleggs- og driftsfase kan vere til mein også for andre vassførekomstar. Mest aktuell er særleg Oppdølselva, som ligg nær alternativa for transformatorstasjonar. Kapittel 9.11 bør difor ta opp i seg omsyn til vassdrag generelt i tillegg til drikkevatt, merk likevel også omtale under 9.4.2.

Konklusjon

Statsforvaltaren finn at forslaget til utgreiingsprogram er eit godt grunnlag for konsekvensutgreiing og vidare arbeid med konsesjonssøknad for ny 420 kV line Isfjorden-Fannefjorden. Vi rår til at verknader blir synleggjort kvar for seg sør og nord for kryssinga av Langfjorden for dei ulike alternativa, og viser elles til nokre mindre merknader ovanfor.

Med helsing

Ulf Lucassen (e.f.)
underdirektør plan og klima

Bjarne Otnes
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent.

Kopi til:

RAUMA KOMMUNE

MOLDE KOMMUNE

MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE

Vollan 8A

Rådhusplassen 1

Postboks 2500

6300

6413

6404

ÅNDALSNES

MOLDE

MOLDE